



HORDALAND JORDSKIFTERETT

Dok 227

JORDSKIFTEAVGJERD OG ORSKURD

Dato: 11.5.2023

Stad: Bergen

Sak: 20-093762REN-JHOD/JBER HAUGEN

Saka gjeld: Bruksordning veg, oppretting av lag og vedtekter

Jordskiftedommar: Jordskiftedommar Audun Bruflot


Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Harry Michal Rosnes		Alver (4631)	117	3
Maibel Karin Borgen		Alver (4631)	117	4
Jon-Arild Rosnes		Alver (4631)	117	5
Svein Rosnes		Alver (4631)	117	6
Asgeir Helle		Alver (4631)	118	2
Helge Tyborgnes	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	1
Øystein Tyborgnes	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	1
Gunvor Tyborgnes	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	1
Geir Tyborgnes	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	1
Margot Henny Tyborgnes	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	1 og 10
Paal Jonas Daae Stene	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	3
Inger Karin Samonia Stene	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	4 og 11
Annette Tvedt	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	7
Rolf Maurseth	Advokat Kathrine Lien Mjell ved advokat Frode Seim Halvorsen	Alver (4631)	120	7
Anna Olsen		Alver (4631)	120	12

Jordskifteavgjerda gjeld bruksordning veg, oppretting av lag og vedtekter.
Orskurda gjeld stansing av saka.

Faktiske tilhøve

Rekvirentane har planlagt skogsbilveg (landbruksveg klasse 4) frå riksveg 57 ved Tjukkhella til Tyborgneset. Ved Tyborgneset ender vegen i eksisterande privat vegnett.

Vegen er planlagt med følgjande trase:



Kart 1. Raud linje er planlagt veg. Blå linje er eksisterande veg.

Jordskifteretten har berekna veglengda til å vere om lag 2,7 km. Den er planlagt å liggje på følgjande eigedommar, frå sør, gnr. 118/2, 117/4, 117/3, 117/6, 117/5, 120/3 og 120/1. I tillegg er det tenkt at gnr. 120/4, 120/7, 120/10, 120/11 og 120/12 skal nytte vegen.

Gnr. 117/3, 117/4, 117/5, 117/6, 118/2, 120/1, 120/3 og 120/4 er landbrukseigedommar, men det er berre gnr. 117/3 som er i drift. Gnr. 117/3 driv med sau.

Gnr. 120/10 er nytta som heilårsbustad og vert eigd av same eigar som gnr. 120/1. Gnr. 120/7, 120/11 og 120/12 er fritidseigedommar. Gnr. 120/11 er eigd av same eigar som gnr. 120/4.

Den planlagde vegen gjev tilgang til hogstmoden skog. I nord vil vegen gi tilgang til bustad og fritidsbustader. Eigedommane i nord har vegtilkomst via ei privat kabelferje.

Det vart søkt om løyve til å bygge veg i 2014. Lindås kommune vedtok å gi løyve i 2018. Fylkesmannen oppheva kommunen sitt vedtak, med avgjerd 12.11.2018.

Sakshandsaminga:

Saka vart kravd for jordskifteretten 29.6.2020 av Helge Tyborgnes, Øystein Tyborgnes, Gunvor Tyborgnes, Geir Tyborgnes, Margot Henny Tyborgnes, Paal Jonas Daae Stene, Inger Karin Samonia Stene, Annette Tvedt og Rolf Maurseth.

Rettsmøte vart gjennomført 4.5.2022.

Saka vart avgrensa med jordskifteavgjerd 16.6.2022.

Framlegg til jordskifteløysing vart sendt partane 5.10.2022.

Framlegget vart drøfta i rettsmøte 22.11.2022. I tillegg fekk partane frist 10.1.2023 for merknader til eventuelle skriftleg uttaler etter rettsmøtet.

Revidert framlegg til jordskifteløysing vart sendt partane 17.3.2023.

Framlegget vart drøfta i rettsmøte 13.4.2023.

Helge Tyborgnes, Øystein Tyborgnes, Gunvor Tyborgnes, Geir Tyborgnes, Margot Henny Tyborgnes, Paal Jonas Daae Stene, Inger Karin Samonia Stene, Annette Tvedt og Rolf Maurseth (rekvirentane) har i hovudsak slik meining:

Dei har få merknader til framlegget. Deira innspill er godt ivareteke i framlegget. Framlegget er godt balansert i høve til at dei som bygger og betaler for vegen også tek risikoen med prosjektet, mens grunneigarar som gjev vederlagsfri bruksrett, ikkje får risiko med prosjekt og kostnader.

Til Harry Rosnes sine merknader meiner dei at det er ikkje behov for å korrigere punkt 6 i bruksordningsreglene. Dei meiner at vedtektene § 7 punkt 13 må lesast saman med § 7 punkt 15 som sikrar bruksrettshavarane informasjon, men har ikkje merknad til at bruksrettshavarar får rett til innsyn i protokollen frå styremøte. Det er ikkje uheldig at bruksrettshavarane ikkje vert medlem i veglaget. Mot å gjeve fri grunn får dei vederlagsfri bruksrett. Dei får derfor ikkje noko uro for risiko og kostnader. Det er ikkje praktisk med nokon fullføringsfrist for prosjektet slik det står no.

Dei ønskjer at jordskifteretten sin avgjerd no vert rettskraftig, før ein tek til med søknad om offentleg løyve og avklaring av anbod. Dette skuldast at det er kan vere mykje arbeid med å få etablert offentleg løyve, og at det derfor er gunstig å få låst mest mogeleg av løysinga no.

Harry Michal Rosnes har i hovudsak slik meining:

Han viser til tidlegare uttaler som fortsett står ved lag. Han er noko i tvil om kva som gjeld bruksrettshavarane og grunneigarane når dei ikkje er med i veglaget. Vedtektene gjeld ikkje bruksrettshavarar når dei ikkje er med i veglaget.

Bruksrettshavarane vert grunneigar under største vegstrekninga. Det er uheldig at ikkje alle er med i veglaget.

I strekpunkt 4 på side 1 i framlegget, er det sett inn at bruksrettshavarane kan få rett til innsyn i drifta av vegen. I vedtektene § 7.4 punkt 13 må det takast inn at også bruksrettshavarane har rett på innsyn i styremøteprotokollene. Det same gjeld for rekneskapen for vegen.

Om vegtraseen meiner han at beste løysing vil vere via Sundsbø. Dette vil utløyse skogen på eigen eigedom, gnr. 117/3, og truleg betydeleg skogareal på Sundsbø. Han etterlyser betre talgrunnlag for berekning av beste alternativ.

Det er ikkje riktig å planlegge for vegklasse 4, når den vil vere for dårleg. Dette er ein sommarbilveg, mens vegklasse 3 er vegklassen for heilårs landbruksveg. Veg med vegklasse 4 gjev ikkje rom for vinterdrift. Han viser også til «Veileder for bruksordning for veg», jf. der det går fram at ein skal spesifisere vegklassa.

I punkt 6 står det at vegretten følgjer eigedommen. Det bør også stå at den ikkje kan skiljast frå eigedommen. Ordet bruksrett bør også nyttast, saman med vegretten og vegeigartilhøvet.

I punkt 9 om vegbom må det sikrast at også bruksrettshavar må ha nøkkel. Bom må godkjennast av offentleg styresmakt.

I vedtektene for veglaget må det kome fram at bruksrettshavarar også får rett til å kjøpe seg inn i vegen i samsvar med veglova sine regler. Dette gjeld også for eventuell ny utskild tomt frå bruksrettshavar.

Det ber elles viktig at vedtektene er klåre og gode. Slik dei står i framlegget, gjev premissene for vedtektene tolkingsrom.

Det bør setjast frist for ferdigstilling av veganlegget. I samband med vedtak om løysing, må det setjast ankefrist.

Dei andre partane har ikkje merknader til det reviderte framlegget.

Retten sine vurderingar

Jordskifteretten viser generelt til revidert framlegg til jordskifteløysing, datert 16.3.2023. Løysinga omfattar etablering av veglag og vedtekter til eit eigarlag i samsvar med

jordskiftelova § 3-10, og reglar for utbygging av skogsveg i samsvar med jordskiftelova §§ 3-8 og 3-9.

Jordskifteretten meiner at det er riktig å la dei som tek ansvaret og kostnader med vegen, få styre vegen i veglaget. Bruksrettshavarane som ikkje skal ha ansvar for vegen, kan heller ikkje ha stemmerett i veglaget. Det er derfor riktig at bruksrettshavarane ikkje vert medlemmer i veglaget, med det ansvar som følg med. Bruksrettshavarane er sikra representasjon i styret slik reglane er utforma. Dei får også innsyn i drifta av veglaget med møte og talerett på årsmøtet, og innsyn i rekneskap, årsmelding og årsmøtereferat. Jordskifteretten er samd med Harry Rosnes i at ein kan ta inn i vedtektene for veglaget at bruksrettshavarane kan få tilgang til styremøteprotokollane.

Jordskifteretten meiner at den vegtraseen partane har føreslege, løyser dei utfordringar rekvirentane har. Ein har så langt ikkje grunnlag for å seie at ei anna vegtrase vert ei betre løysing, sjølv om ein trekk med andre skogressursar. Jordskifteretten må også peike på at ein ikkje vedtek vegtrase. Innteikna vegtrase er utgangspunkt for framlegget til bruksordningsregler og vedtekter. Det er i samband med offentlegrettsleg handsaming av løyve til å bygge vegen, at den endelege vegtraseen vert avgjort. Dersom det i samband med offentlege styresmakter si handsaming av søknad om vegbygging vert avgjort annan vegtrase, vil jordskifteretten kunne måtte endre på løysinga ein vedtek.

Jordskifteretten set opp vegklasse 4 som utgangspunkt for vegstandarden. Jordskifteretten tek utgangspunkt i at rekvirentane meiner dette er tilstrekkeleg. Forskjellen på vegklasse 3 og 4 er at klasse 4 gjev høve til noko meir stigning. For vegklasse 4 er det også eigen regel om at ved stigning over 12 %, skal vegbredda aukast med 0,5 meter. Elles er det lik bereevne, vegbredde, oppbygging og kurvatur. Vegklasse 4 gjev høve til å tilpasse vegen noko meir til terrenget, og reduserer behovet for skjeringar og fyllingar. Dette betyr at vegklasse 4 kan gjeve noko mindre terrenginngrep. I samband med uttak av tømmer, tek vegklasse 4 utgangspunkt i at uttransport av tømmer skjer på barmark, og ikkje snødekt veg. I områder som normalt har snødekke om vinteren, vil klasse 3 vere å føretrekke. Dette er ikkje tilfelle for området denne vegen vert plassert i. Dersom ein under prosessen med å etablere offentlege løyve, kjem til at det er vegklasse 3 som skal etablerast, vil jordskifteretten endre vegklasse når ein sluttar saka.

Harry Osnes har vist til at det går fram av «Veileder for bruksordning veg» at jordskifteretten skal spesifisere vegklassa. Jordskifteretten viser til same «Veileder». Det er når jordskifteretten ser det hensiktsmessig, at vegklassa kan inngå i vedtektene. Jordskifteretten meiner det er tilstrekkeleg å definere vegklassa i bruksordningsreglane i samsvar med framlegget som var på høyring.

I punkt 6 i bruksordningsreglane om at vegeigartilhøvet og bruksrettstilhøvet følg eigedommen meiner jordskifteretten at ein kan legge til ei setning om at det same gjeld for det som har bruksrett til veg.

I punkt 9 om vegbom, legg ein til at kvar eigedom som er vegeigar eller bruksrettshavar, skal ha nøkkel til lås i bom, eller tilsvarande låseanretning. Dersom det er fleire eigarar av ein eigedom, må dette løysast av sameigarane, dersom veglaget meiner det er tilstrekkeleg med ein nøkkel pr. eigedom. Løyve til å setje opp bom må innhentast frå offentleg styresmakt. Det vert ikkje gjeve eigen regel om dette.

I vedtektene slik dei er føreslege, kjem det fram i § 5.2 fjerde avsnitt at «Eigar av eigedom som ikkje er medeigar, kan søkja om å få bli medeigar. Årsmøtet avgjer søknaden – sjå § 15 om betaling av eingongsvederlag.» Dette sikrar bruksrettshavarane at dei kan kjøpe seg inn i vegen, dersom årsmøtet godtek det. Tilsvarande gjeld også for nye tomter frådelt eksisterande bruksrettshavarar. Jordskifteretten finn ikkje grunnlag for at bruksrettshavarane kan krevje å bli medeigarar i vegen, ut frå ønsket i denne saka om å unngå kostnader, ansvar og risiko med vegen.

Det vert heller ikkje nødvendig å skrive at bruksrettshavar kan kjøpe seg inn i vegen i samsvar med veglova. Veglova § 53 har regler om eigedomsinngrep og erverv av rett til å bruke veg som alt ligg der. Denne regelen gjeld uansett, og må prøvjust etter dei vilkår som vil gjelde for slikt skjønn.

Regelen i veglova § 54 om vedlikehald gjeld i utgangspunktet ikkje når det med denne jordskiftesaka vert gjeve føresegner for vedlikehald, jf. veglova § 54 første ledd andre setning. Veglova § 55 om veglag gjeld i utgangspunktet ikkje når det med denne jordskiftesaka vert gjeve føresegner for veglag, jf. Rettsdata.no, kommentarutgåve til veglova note 184. Desse reglane gjeld når ein ikkje har organisert veglag og vedlikehald.

Veglova §§ 54 og 55 har reglar om at ein etter ei viss tid kan ta opp tilhøve som ein ikkje er nøgd med. Dette er regler som gjeld for partane i denne jordskiftesaka. Tilsvarande sperrefrist har ein i jordskiftelova for å ta opp tilhøve som ein ikkje er nøgd med. Desse lovbestemte virkemidla er det ikkje behov å vise til i denne jordskifteløysinga.

Jordskifteretten meiner det ikkje er riktig å setje frist for ferdigstilling av vegen. Før ein kan ferdigstille vegen, må ein få avklara offentlege løyve og faktiske kostnader med vegbygginga. Det er fleire usikre tilhøve, før ein kan slutte saka. Det viktige no er å få vedteke ei løysing basert på tilhøva ein så langt har klåre. I tillegg vil ein måtte kome attende seinare med dei tilhøve som ikkje er klåre no.

Jordskifteretten meiner det er riktig å setje frist for å få på plass offentleg løyve. Rekvirentane får derfor frist til 31.11.2023 med å søke om nødvendige offentlege løyver. Jordskifteretten må få kopi av søknaden. Fristen gjeld ikkje dersom avgjerda nedanfor vert anka. Det må i så fall setjast ny frist.

Harry Osnes har tidlegare peika på behovet for konsekvensutgreiing for vegbygginga, og risiko for å skade sårbar natur. Jordskifteretten meiner dette er tilhøve som vert teken tilstrekkeleg vare på i den prosess som må gjennomførast for å få offentleg løyve for å bygge veg. Jordskifteretten si løysing skal i denne saka ordne opp i dei privatrettslege tilhøva.

Rekvirentane ønskjer at den løysinga ein vedtek no, skal vere rettskraftig før ein tek til med arbeidet som er nødvendig med tanke på offentleg løyve. Jordskifteretten har i tillegg vurdert om saka kan sluttast slik den er no. Det er mogeleg å vedta vedtekter for veglag og ei bruksordning for å etablere veg, og deretter la partane ordne resten.

I denne saka er det rekvirentane som skal ta kostnadene med vegbygginga og vegvedlikehaldet. Det er avklara at fordeling av kostnadene med vegbygging, først vert teken stilling til når partane har oversikt over kva vegen vil koste. Derfor blir ikkje saka slutta no.

Det er for jordskifteretten viktig å legge til rette for at prosessen med å etablere vegen vert handterbar for dei som ønskjer det. Som del av dette meiner jordskifteretten at det er riktig å setje avgjerda til førehands påanke. I den samanheng skal også avgjerda som avgrensar saka setjast til førehands påanke.

Løysinga vert derfor låst til slik den vert vedteke. Reglane om t.d. trase med kart og lengder, vil kunne måtte endrast ut frå kva vert avklart som del av offentleg handsaming av søknad om tiltak. Det same gjeld t.d. reglane om plassering av bom og parkeringsplasser.

Regel nr. 4 i bruksordninga om fordeling av kostnader med vegbygginga, vert sett opp berre med overskrift. Innhaldet må supplerast før avslutting av saka.

Tabell om vinterdrift i vedtektene § 5.1 vert teken ut i avgjerda nedanfor.

Supplering/ending av løysinga som vert vedteken nedanfor, vert vedteken med eigen jordskifteavgjerd.

Løysinga nedanfor sikrar at dei utenlege tilhøva, jf. jordskiftelova § 3-2, vert meir tenlege, jf. jordskiftelova § 3-3. Ingen av eigedommane i saka lir tap med løysinga, jf. jordskiftelova § 3-18 slik den vert vedteken nedanfor. Rekvirentane skal sjølv stå for innhenting av nødvendige offentlege løyve. Saka vil ikkje kunne sluttast før ein har sikra at vilkåra i jordskiftelova § 3-17 er oppfylt.

Jordskifteretten har i framlegget punkt 15 sett opp at det er Paal Jonas Daae Stene som skal vere første leiar av veglaget. Ingen av rekvirentane har hatt merknader til at han får nødvendige løyve på vegne av veglaget. Veglaget vert ikkje formelt etablert før denne saka er ferdig. Paal Jonas Daae Stene vert pålagt å søke om nødvendige offentlege løyve, eventuelt godkjenne prosjekteringsplan, inngå eventuelt nødvendig avtale med entreprenør og på annan måte førebu utbygging av vegen, på vegne av rekvirentane.

Stansing av saka:

Vidare framdrift av saka er avhengig av offentleg løyve, og det er rekvirentane som skal ordne dette. I rettsmøtet 22.11.2022 vart partane spurde om dei hadde merknader til at saka vert stansa i påvente av offentleg løyve. Ingen av partane har hatt merknader.

Å vente på avgjerd om offentleg løyve, må reknast som ein tungtvegande grunn til å stanse saka, jf. tvistelova § 16-18 andre ledd første setning. Stansinga er i samsvar med ei hurtig, forsvarleg og kostnadseffektiv handsaming. Saka blir sett i gang att med eigen avgjerd, jf. tvistelova § 16-18 fjerde ledd, når søknaden om offentleg løyve er ferdig handsama og klagefristen er ute.

Dersom offentleg løyve ikkje er på plass innan to år frå denne avgjerda er rettskraftig, vil jordskifteretten vurdere om det er grunnlag for at saka fortsett skal vere stansa, og om kva som kan vere mogeleg framdrift.

BRUKSORDNINGSREGLAR OG SAMS TILTAK FOR VEG MELLOM TJUKKHETLA OG TYBORGNES:

1. Trasé: Frå Tjukkheta til Tyborgnes, om lag 2.750 meter, vegklasse 4. Vegtraseen er teikna inn på kart og påvist i terrenget.

Frå Tjukkheta mot Tyborgnes går vegen på følgjande eigedommar:

På gnr. 118/2 går vegen 370 m.

På gnr. 117/4 går vegen 490 m.

På gnr. 117/3 går vegen 236 m.

På gnr. 117/6 går vegen 185 m.

På gnr. 117/5 går vegen 371 m

På gnr. 120/3 går vegen 1033 m.

På gnr. 120/1 går vegen 66 m.

2. Del 1 av vegen ligg på gnr. 118/2, 117/4, 117/3, 117/6 og 117/5, totalt 1652 m

Del 2 av vegen ligg på gnr. 120/3 og 120/1, totalt 1099 m.

3. Vegen vert bygga av gnr. 120/1, 120/3, 120/4, 120/7, 120/10, 120/11 og 120/12. Desse eigedommane vert vegeigarar i heile vegen si lengde.

4. Utgangspunkt for fordeling av kostnader med vegbygginga vert slik:

Her vert det sett inn kostnadsdeling ved avslutting av saka.

5. Gnr. 117/3, 117/4, 117/5, 117/6 og 118/2 får vegrett på strekninga frå Tjukkheta til og med gnr. 117/5, del 1 av vegen. Desse eigedommane vert bruksrettshavarar på denne vegstrekninga, og er fri for ansvar for vegkostnader og vegvedlikehald.

6. Vegeigartilhøvet og vegretten følgjer eigdommen (gnr./bnr.). Det same gjeld for dei eigedommane som har bruksrett til vegen.

7. Grunneigarar under vegen gjev fri grunn til veg. Dette gjeld også for grøfter, nødvendige møteplasser, velteplasser, parkeringsplass, snuplassar og fyllmasser som må takast utanfor vegbana.

8. Skog som vert fjerna som del av vegbygginga, er grunneigarar sitt. Fjerna skog må leggjast tilgjengeleg for grunneigarar ved vegen (ikkje vinsjeavstand), men utanfor vegbana, grøfter og skjering. Den treng ikkje samlast. Skogen skal vere ferdig kvista og kapp i maksimalt tre meter lengder. Grunneigarane som gjev fri grunn til veg, må få køyre ut skog som vert hogd i vegtraséen utan eigen avgift for dette. Eventuelle skadar på vegen må reparerast for skadevoldar si rekning dersom vedkommande ikkje reparerer skada sjølv innan bestemt frist. (2 veker)

9. Veglaget skal setje opp bom i vegen på gnr. 118/2, og i grensa mellom gnr. 117/5 og 120/4. Kvar av eigedommane som er vegeigar eller har bruksrett, skal ha nøkkel til bom. Grunneigarane kan setje grind i vegen i eigedomsgrensa for eigen rekning.

10. I grensa mellom gnr. 117/4 og 117/3 og i grensa mellom gnr. 117/3 og 117/6, skal veglaget leggje ferist for å hindre at dyr kryssar grensa i vegen. Kostnadene med feristene inngår i byggekostnadene for vegen. Dersom eigar av gnr. 117/3 likevel ikkje ser behov for ferist, før dei er etablert, slepp veglaget å leggje feristene.

11. Veglaget skal leggje til rette for avkøyring med traktor på begge sider av vegen der denne kryssar gnr. 117/3. Kvar einskild grunneigar kan for eigen kostnad lage avkjørsler frå vegen og inn på eigen grunn.

12. Vegeigarane lager parkeringsplass på gnr. 118/2 og 117/5 til bruk for dei som er vegeigarar eller har vegrett, og deira gjester.


14. Vegeigarane lager parkeringsplass på gnr. 120/3 og 120/1 for vegeigarane og deira gjester.

15. Paal Jonas Daae Stene vert første leiar av veglaget. Han får ansvar for å kalle inn til konstituerande møte innan 3 månader etter at denne saka er rettskraftig. Det skal då veljast resten av styret, slik at fullt styre vert etablert. Deretter kan styret gå i gang med vegbygginga. Før veglaget vert etablert, vert Paal Jonas Daae Stene pålagt å søke om nødvendige offentlege løyve, eventuelt godkjenne prosjekteringsplan, inngå eventuelt nødvendig avtale med entreprenør og på annan måte førebu utbygging av vegen, på vegne av rekvirentane. Frist for å søke om offentleg løyve vert sett til 31.11.2023.

VEDTEKTER FOR TJUKKHETLA-TYBORGNESET VEGLAG

§ 1. VEGEN

Tjukkhetla-Tyborgneset veglag, heretter kalla veglaget, omfattar fylgjande veg i Alver kommune (4631):



Vegområdet er køyrebane, skulder, grøfter, fyllingsfot og skjeringstopp pluss éin meter. Møteplassar, snuplassar og parkeringsplassar inngår i vegområdet. Den del av vegen som ligg på gnr. 117 og 118, er del 1 av vegen.

§ 2. FØREMÅL

Veglaget skal syta for å bygge vegen og oppretthalda standarden på vegen ved vedlikehald og utbetring, i tillegg skal veglaget syta for aktuell vinterdrift av vegen.

Veglaget kan gjennomføra større tiltak på vegen, som omlegging og standardheving.

Vegen skal tena medeigarane sine interesser som tilkomst til eigedomane. I tillegg skal eigarar med bruksrett til vegen, ha rett til å bruke vegen.

§ 3. ANSVAR

Veglaget er å rekne som eit tingsrettsleg sameige. Medeiarane har delt, uavgrensa ansvar i samsvar med andelane i § 5.1 (pro rata-ansvar), jf. jordskifteloven § 3-29.

§ 4. RÅDVELDE OVER VEGEN

Eigarskapen til vegen vert disponert av medeigarane i fellesskap etter andelane. Det faktiske og rettslege rådvelde over vegen vert utøvd av veglaget sitt styre på vegne av medeigarane.

Vegen ligg som ein bruksrett på dei eigedomar den går over.

§ 5. MEDEIGARAR

§ 5.1 Medeigarar, andelar [og fordeling vinterdrift]

Eigar av eigedom som har andel, er medeigar. Andelane i veglaget er oppført i kolonne A.

A		
GNR./BNR.	EIGAR, pr. [dato]	ANDEL
120/1	Gunnvor Tyborgnes Margot Henny Tyborgnes Geir Tyborgnes Øystein Tyborgnes Helge Tyborgnes	1
120/3	Paal Jonas Daae Stene	1
120/4	Inger Karin Samonia Stene	1
120/7	Rolf Maurseth Annette Tvedt	1
120/10	Margot Henny Tyborgnes	1
120/11	Inger Karin Samonia Stene	1
120/12	Anna Olsen	1
Sum		7

Andel følgjer eigedomen og kan ikkje skiljast frå denne. Medeigarskap er pliktig når eigedomen ligg innanfor dekningsområdet til vegen og ikkje har annan vegtilkomst.

Andelane er grunnlaget for medeigarane sine rettar og plikter i veglaget. Medeigarane har plikt til å informere styret om tilhøve som er av interesse for veglaget. Dette gjeld mellom anna kontaktinformasjon og skade på vegen. Endra utnytting av eigedom som medfører varig og monaleg endra bruk av vegen – jf. § 16.2, skal meldast til styret så tidleg som mogeleg. Eigarskifte og frådellingar skal meldast til styret seinast innan tre veker frå eigarskifte/frådelling er gjennomført.

Medeigarane må retta seg etter vedtektene og vedtak i årsmøtet og styret.

§ 5.2 Endring av medeigarskap og andelar

Medeigar kan søkja om opphøyr av eigarskap når eigedom får annan vegtilkomst. Årsmøtet avgjer søknaden. Opphøyr av eigarskap gir ikkje krav på verdier frå veglaget.

Ved endra utnytting av eigedom som fører til varig og monaleg endra bruk av vegen – jf. § 16.2, kan andelen endrast. Årsmøtet avgjer om andelen skal endrast.

Frådelt ny eigedom under gardsnummer 120 blir medeigar i vegen når årsmøtet krev eingongsvederlag etter § 15, og dette er betalt.

Eigar av eigedom som ikkje er medeigar, kan søkja om å få bli medeigar. Årsmøtet avgjer søknaden – sjå § 15 om betaling av eingongsvederlag.

Eigedom med nytt medeigarskap skal av årsmøtet tildelast ein andel som står i høve til dei andre medeigarane sine andel og bruk av vegen.

Totalrevidering av andelane kan gjerast dersom føresetnadane for gjeldande fordeling er endra monaleg. Totalrevidering er ikkje grunnlag for endring av tidlegare fordeling av anleggskostnader.

§ 6. ÅRSMØTET

Årsmøtet er veglagets øvste mynde. Alle medeigarar har møterett på årsmøtet.

Også bruksrettshavarar som ikkje er medeigarar, har møterett og talerett på årsmøtet. Dei har også forslagsrett før årsmøtet

§ 6.1 Innkalling

Ordinært årsmøte skal haldast i mars eller april kvart år.

Saker som ein ynskjer skal handsamast på årsmøtet, må meldast skriftleg til styret innan 10. februar. Alle saker fremja til handsaming som sak i årsmøtet innan fristen, skal førast opp på sakslista.

Styret kallar inn til årsmøtet. Innkallinga skal skje med minst tre vekers varsel. Innkallinga skal sendast skriftleg til alle medeigarane og bruksrettshavarane. Sakslista skal fylgje innkallinga. Årsmelding, revidert rekneskap, forslag til tiltaksplan med budsjett og valnemnda sitt forslag til val skal vera vedlagt. Ved forslag om vedtektsendring, skal det konkrete forslaget vera vedlagt innkallinga.

Årsmøtet kan ikkje gjera bindande vedtak i andre saker enn dei som er oppført i sakslista. Punkta under § 6.3 er vanlege årsmøtesaker, og skal vera oppført i sakslista.

Årsmøtet er vedtaksført når innkallinga har skjedd på lovleg måte.

§ 6.2 Representasjon og avstemmingsreglar

Medeigar og bruksrettshavar kan la seg representera med skriftleg fullmakt. Andre enn medeigarar kan også møta med fullmakt. Ingen kan møta med fullmakt for meir enn to eigedomar. Medeigar og bruksrettshavar kan møta saman med fullmektig.

Ved avstemming og val har kvar medeigar stemmerett i samsvar med sin andel, jf. § 5.1. Personleg sameige bør ved avstemming gje ei felles stemme for eigedomen.

Vedtak på årsmøtet blir avgjort med alminneleg fleirtall (meir enn 50 %) av dei gjevne stemmene, med unnatak for vedtektsendring, jf. § 17. Ved like stemmetal blir saka avgjort ved loddtrekning.

Ved fleire enn to alternative vedtaksforslag, vert alternativet med færrest stemmer teke bort i kvar avstemmingsrunde, heilt til eitt av alternativa får alminneleg fleirtal.

§ 6.3 Årsmøtet skal:

- (1) Velja møteleiar
- (2) Velja protokollfører
- (3) Velja ein som skal underskriva møteprotokollen saman med møteleiar og protokollfører
- (4) Godkjenna innkallinga, fullmakter og sakslista, samt registrera møtedeltakarane
- (5) Handsama årsmelding og revidert rekneskap
- (6) Handsama styret sitt forslag til tiltaksplan med budsjett. Mellom anna vedta eventuell øvre beløpsgrense for kva styret har kompetanse til å godta
- (7) Vedta utlikningar etter § 13 og vegavgifter etter § 14
- (8) Gjennomføra val av
 - Styreleiar for to år dersom denne er på val
 - Styremedlemer som er på val for to år
 - Vararepresentant(-ar) som er på val for to år
 - Medlemer i valnemnda som er på val for to år
 - Intern revisor for to år dersom denne er på val
- (9) Handsama andre saker som er oppført i sakslista

Årsmøtet kan mellom anna:

- Delegera mynde og arbeidsoppgåver til styret
- Vedta godtgjering til styreleiaren og andre i styret
- Vedta retningslinjer for vinterdrift, dvs. når det skal brøytast, strøast og skrapast
- Vedta leige av hjelp til regnskapsføring og fakturering
- Vedta endringar av vedtektene.

§ 6.4 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller minst 1/5 av andelane krev det. Det ekstraordinære årsmøtet kan berre gjera bindande vedtak i saker som er oppført i sakslista. Reglane for ekstraordinært årsmøte er elles dei same som for ordinært årsmøte.

§ 7. STYRET

§ 7.1 Samansetjing

Veglaget blir leia av eit styre på fem medlemmer. Det er to vararepresentantar til styret.

Minst eitt av styremedlemmene skal vere frå bruksrettshavarane under gnr. 117 og 118.

Styreleiaren vert vald på årsmøtet. Styret vel sjølv, etter kvart årsmøte, kven i styret som skal ha funksjonane nestleiar, sekretær og kasserar. Styremedlemmene blir vald for to år om gangen. Ved konstituering av styret ved etablering av veglaget, skal tre av styremedlemmene veljast for to år, og to av styremedlemmene veljast for eitt år. Neste år skal det veljast to styremedlem for to år.

Rekneskapsføringa kan etter avgjerd av årsmøtet, utførast av andre enn styret.

§ 7.2 Innkalling

Styreleiaren kallar inn til styremøte. Innkalling skal skje skriftleg. Sakslista og saksdokument bør vera vedlagt innkallinga.

Innkalling skal også sendast til vararepresentantane.

Styremøte skal haldast når styreleiaren meiner det er naudsynt, eller når minst to i styret krev det.

§ 7.3 Stemmereglar

Styret er vedtaksført når heile styret er lovleg kalla inn og meir enn halvparten av medlemmane (inkludert eventuell vararepresentant) er til stades. Vedtak blir avgjort ved alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmene. Alle har lik stemmerett, men ved like stemmetal blir saka avgjort av styreleiar si stemme.

Medlemmer i styret må ikkje vera med i handsaminga eller avgjerda av spørsmål som denne har ei personleg eller økonomisk særinteresse i.

§ 7.4 Styret sine oppgåver og mynde

Styret skal leia drifta av veglaget i samsvar med vedtektene og vedtak i årsmøte. Styret skal mellom anna:

- (1) Føra tilsyn med vegen, stikkrenner, veggrofter, vegarbeid m.m.
- (2) Syta for vedlikehald og utbetring i samsvar med vedteken tiltaksplan
- (3) Innhenta og godta anbod om tiltak på vegen eller vinterdrift
- (4) Ved tiltak som inneber utviding av vegområdet eller rydding av vegetasjon utanfor vegområdet, skal styret varsle grunneigar om det planlagde tiltaket minst to månader før anleggsstart. Styret skal innhenta grunneigar sitt samtykke til tiltaket og avtala ev. erstatning for inngrepet
- (5) Syta for naudsynt skilting langs vegen og godkjenne andre si skilting langs vegen
- (6) Førebyggja skade på vegen ved å setje i gang arbeid og/eller regulere køyring – jf. § 16.3

- (7) Syta for utbetring etter skade på vegen, mellom anna avgjera kostnadsansvar ved påført skade, jf. § 16.1 andre avsnitt. Skadevaldar skal varslast før avgjerd om kostnadsansvar
- (8) Førebyggja og handtera naturskade. Styret kan setja i verk naudsynte tiltak for å førebyggja naturskade. Oppstår det naturskade som kan gje erstatning frå Statens naturskadeordning, må styret dokumentera skaden før utbetring og søkje om erstatning i tide
- (9) Syta for innkrevjing av utlikningar, vegavgifter og eingongsvederlag. Om ikkje fakturert beløp vert betalt ved forfall, kan det påleggjast rente etter forseinkingsrentelova frå forfall til betaling skjer. Styret kan setje i verk tvangsinnndrivning av skuldige beløp
- (10) Kalla inn og arrangera årsmøte, leggje fram årsmelding og revidert rekneskap
- (11) Vurdera og fremja saker som må handsamast i årsmøtet. Fremja forslag til årsmøtet om utlikningar, vegavgifter, eingongsvederlag og tiltaksplan med budsjett
- (12) Syta for ordna rekneskapsføring og revisjon
- (13) Føra protokoll frå styremøte. Alle som deltek i styremøte skal skriva under protokollen frå møta. Alle medeigarane og bruksrettshavarane har rett til innsyn i protokollen
- (14) Senda ut kopi av årsmelding og protokoll frå årsmøtet til medeigarane
- (15) Gje naudsynt informasjon og ha kommunikasjon med eigarar av eigedommar som nyttar vegen, men som ikkje er medeigarar.
- (16) Teikna forsikring for vegen
- (17) Melde inn veglaget i aktuelle offentlege register (for eksempel Einingsregisteret og momsregisteret)
- (18) Avgjera spørsmål frå personar, foreiningar o.l. om bruk av vegen.

§ 8. MINDRETALSVERN

Vedtak i årsmøtet og av styret må ikkje strida mot vedtektene, medføra ein fordel for fleirtalet til urimeleg skade for mindretalet, eller medføra urimeleg kostnad for nokon medeigar.

§ 9. SIGNATURETT

Styreleiaren og eit styremedlem i fellesskap har signaturett.

§ 10. REKNESKAP

Rekneskapsåret følgjer kalenderåret. Rekneskapet for føregåande år skal vera avslutta innan 10. februar.

§ 11. VALNEMND

Årsmøtet vel to personar som utgjer valnemnda. Valnemnda skal koma med forslag til styreleiar, medlemmer i styret, vararepresentantar til styret, medlemmer i valnemnda og revisor.

Innstilling til val, skal gjerast kjent for styret innan 1. mars.

§ 12. INNTEKTER

Innbetalte utlikningar, vegavgifter og eingongsvederlag, jf. §§ 13, 14 og 15, er felles inntekter for veglaget.

Overskot skal brukast til drifta av veglaget, og kan som hovudregel ikkje utdelast som utbytte.

Innbetalt eingongsvederlag etter §§ 14 og 15 kan fordelast på medeigarane i samsvar med andelene.

§ 13. KOSTNADER

Kostnader som ikkje blir dekkja av vegavgifter og andre inntekter, skal utliknast på medeigarane. Slik utlikning kan innkrevjast på førehand for naudsynt dekking av kostnader til normal drift og/eller på grunnlag av budsjett for konkrete utbetringstiltak.

Kostnader med vedlikehald og utbetringar skal utliknast etter andelane i § 5.1.

For større tiltak som omlegging av vegen og standardheving, skal det vurderast om nokon medeigar blir pålagt ein urimeleg kostnad ved utlikning etter andelane. Alternativet er i så fall at kostnadene skal fordelast særskilt etter nytta med tiltaket.

Kostnader med vinterdrift skal utliknast etter fordelinga i kolonne B (fordeling vinterdrift) i § 5.1.

§ 14. VEGAVGIFTER

§ 14.1 Bomavgift eller sesongavgift/årsavgift

Gnr. 117/3, 117/4, 117/5, 117/6 og 118/2 som har vegrett på strekninga frå Tjukketla til og med gnr. 117/5, del 1 av vegen, er fri for ansvar for vegkostnader og vegvedlikehald, og skal ikkje betale årleg vegavgift/bomavgift for vanleg bruk.

Frådelt ny eigedom frå eigedom som har bruksrett, får bruksrett i vegen når det er betalt eingongsvederlag. Storleik på eingongsvederlag og bruken av eingongsvederlag vert bestemt av årsmøtet til veglaget.

§ 14.2 Særleg avgift

Årsmøtet kan avgjera, eller det kan avtalast med styret, at medeigar eller annan brukar skal betala ei særleg avgift ved tidsavgrensa og monaleg meirbruk av vegen.

§ 15. EINGONGSVEDERLAG FOR MEDEIGARSKAP

Årsmøtet avgjer om det skal krevjast eingongsvederlag for nytt medeigarskap, jf. § 5.2. Årsmøtet fastset eingongsvederlaget og bruken av eingongsvederlaget.

Betalt eingongsvederlag gjev medeigarskap i vegen.

Ved frådeling av eigedom, skal eingongsvederlaget betalast av medeigaren som deler frå eigedom.

Ved innvilga søknad om nytt medeigarskap, skal eingongsvederlaget betalast av søkaren.

§ 16. BRUK AV VEGEN

§ 16.1 Generelt om bruk av veggen

Ved uttak av skog, skal grunneigar betale kr. 20 per m³ tømmer som vert teken ut. Prisen skal indeksregulerast etter konsumprisindeksen, rekna etter indeks pr. 1. januar 2023. Utbyggarane betaler ikkje for slikt uttak dei første 10 åra etter at veggen er ferdig bygga.

Ferdsel må skje slik at det ikkje skadar veggen eller er til urimeleg ulempe for andre sin bruk av veggen.

Den som påfører veggen skade, og då særleg ved brot på regulering av bruken etter § 16.3, kan av styret gjerast ansvarleg for kostnaden med å utbetra skaden etter § 7.4 (7).

Det skal ikkje leggjast hindringar på vegområdet. Parkering skal ikkje skje på vegområdet, med unntak for tilrettelagde parkeringsplassar.

Ved tiltak som medfører avfall eller liknande på vegområdet, skal den ansvarlege syta for opprydding.

§ 16.2 Utvida bruk av veggen

Ved varig og monaleg utvida bruk frå medeigar, kan årsmøtet fastsetja vilkår for denne utvida bruken eller det kan avtalast utføring eller dekking av kostnader med naudsynte tiltak på veggen dersom denne ikkje har ein standard for å tola ein slik utvida bruk. I slike tilfelle kan også andel for medeigar endrast, jf. § 5.2.

§ 16.3 Regulering av bruk

Årsmøtet kan fatta vedtak om faste årlege restriksjonar for køyring i periodar det er risiko for at veggen kan bli skada. Det kan overlatast til styret å fastsetja nærmare datoar for start og slutt på periodar med slike faste årlege restriksjonar.

Styret kan i tillegg regulere bruk når det er naudsynt på grunn av særlege tilhøve som kan medføre skade på veggen.

§ 16.4 Særleg om vinterbruk- og drift

Dersom fleirtalet i veglaget ikkje ynskjer vinteropen (brøyta) veg, skal likevel eit mindretal ha rett til å brøyta veggen for eigen rekning. Føresegna gjeld også der fleirtalet ikkje ynskjer deler av veggen brøyta og/eller for deler av sesongen. Mindretalet er ansvarleg for kostnadene med å utbetra eventuell skade på veggen som følgje av at veggen vert brøyta. Mindretalet må avtala fordeling av kostnadsansvaret.

Ynskjer ikkje veglaget å administrera denne vinterdrifta, kan mindretalet gjera det.

Dei som ikkje tek del i kostnaden med brøyting, og eventuell utbetring av veggen som følgje av brøyting, har ikkje rett til å bruke brøyta veg.

§ 17. VEDTEKTSENDRING

Vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene. Stemmeretten er i samsvar med andelane i § 5.1.

§ 2 (føremål), § 3 (ansvar) og § 17 (vedtektsendring) kan ikkje endrast.

Unnatak frå kravet om 2/3 fleirtal:

- Endring av namn ved eigarskifte for eigedom i § 5.1, er ikkje vedtektsendring. Opptak av ny medeigar vert avgjort ved alminneleg fleirtal, jf. § 5.2

Jordskifteretten kjem til slike slutningar

Jordskifteavgjerd:

Slutning

1. Jordskifteretten vedtek regler for etablering av veg slik dei går fram av punkt 1 – 15 på side 8 – 9 framfor.
2. Jordskifteretten vedtek regler for veglag slik dei går fram av §§ 1 – 17 på side 9 – 17 framfor.
3. Avgjerd i denne slutninga og avgjerd om avgrensing av saka datert 16.6.2022 vert sett til førehands påanke.

Orskurd:

Slutning

1. Saka vert stansa frå i dag for handsaming i Hordaland jordskifterett.

11.5.2023

Audun Bruflot

ORIENTERING OM ANKE

Overprøving av avgjerder frå jordskifteretten

Avgjerder frå jordskifteretten kan ankast til lagmannsretten. Nedanfor er ei kort orientering om ankereglane.

Ankefrist

Ankefristen er normalt ein månad om ikkje anna er bestemt. Ankefristen blir rekna frå dagen du får saka forkynt (dato for når saka blir rekna som forkynt, blir opplyst i forkynningsbrevet). Ankefristen blir avbroten av rettsferien dersom anna ikkje er bestemt. Det er rettsferie frå og med siste laurdag før palmesundag til og med 2. påskedag, frå og med 1. juli til og med 15. august og frå og med 24. desember til og med 3. januar, jf. domstollova § 140. Dette betyr at om du eksempelvis får forkynt ei avgjerd 15. juni, går ankefristen frå denne dagen til 30. juni. Deretter begynner den å gå 16. august og med så mange dagar som står att av ankefristen før ein når ein månad – i dette tilfellet 15 dagar til 31. august).

Kva for reglar gjeld og kva må ei anke innehalde?

Reglane for anke varierer avhengig av kva for type avgjerd du vil anke.

Dom, orskurd og vedtak

For desse avgjerdene gjeld reglane i tvistelova kapittel 29. I fylgje § 29-9 skal anken innehalde

- *ankedomstolen*
- *namn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger*
- *den avgjørelse som ankes*
- *om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare bestemte deler av den*
- *det krav ankesaken gjelder, og en påstand som angir det resultat den ankende part krever*
- *de feil som gjøres gjeldende ved den avgjørelse som ankes*
- *den faktiske og rettslige begrunnelse for at det foreligger feil*
- *de bevis som vil bli ført*
- *grunnlaget for at retten kan behandle anken dersom det kan være tvil om dette*
- *den ankende parts syn på den videre behandling av anken*

Jordskifteavgjerd

Om du vil anke ei jordskifteavgjerd, gjeld reglane i jordskiftelova kapittel 8. Desse reglane gjeld og om jordskifteretten har halde skjønn som del av ei jordskiftesak etter jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3. I fylgje jordskiftelova § 8-5 skal anken i slike saker innehalde

- *namnet på ankedomstolen*
- *saksnummer og kva avgjerd anken gjeld*
- *om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne*
- *ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken*

Når anken gjeld jordskifteavgjerd, blir som hovudregel alle som var partar i jordskiftesaka med som partar i ankesaka.

Verdigrense ved anke over dom

Som hovudregel kan ikkje lagmannsretten behandle anke over dom som gjeld verdiar mindre enn 250 000 kroner (jf. tvisteloven § 29-13). Om det kan vera tvil, bør du forklare kvifor ankegjensstanden er verdt meir, eventuelt kvifor lagmannsretten likevel bør behandle anken. For anke over jordskifteavgjerd gjeld ikkje regelen om verdigrense.

Rettsforlik

Rettsforlik er ikkje ei avgjerd teken av jordskifteretten og kan heller ikkje ankast. For å få avgjort om forliket kan bli oppheva, må du gå til søksmål for tingretten (jf. tvisteloven § 19-12).

Kostnader

For anke til lagmannsretten må du betale eit gebyr på 24 gonger rettsgebyret. For tida er rettsgebyret kr 1243, slik at gebyret blir kr 29832 (jf. rettsgebyrlova § 8). For anke over orskurd er gebyret kr 7458. Tek behandlinga i lagmannsretten meir enn ein dag, er gebyret for dei neste fire dagane tre gonger rettsgebyret per dag. Deretter er gebyret 4 gonger rettsgebyret per dag. I tillegg til gebyret kjem utgifter lagmannsretten har til mellom anna meddommarar.

Om anken blir trekt før det fyrste rettsmøtet, er det reglar for reduksjon av gebyra. Om saka blir forlikt blir også gebyra redusert.

Lagmannsretten kan krevje forskott på kostnadene.

Kvar anken skal sendast

Anken skal underskrivast og stilast til lagmannsretten, men sendast til jordskifteretten.

Meir informasjon

Om du har spørsmål om ankereglane eller anna, vil dei tilsette ved jordskifteretten kunne svare deg. Sjølvprosederande partar kan anke munnleg ved å møte fram personleg i jordskifteretten. Du vil då kunne få hjelp til å setje opp anken. Det same gjeld for prosessfullmektig som ikkje er advokat.

Matrikkelføring og tinglysing

Når anken er behandla og saka rettskraftig, vil jordskifteretten sørge for nødvendig tinglysing og sende melding til matrikkelfører.
